



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Hydro Aluminium
Årdal Verk
v/ Stein Norman Leistad
Boks 303
5870 ØVRE ÅRDAL

ÅRDAL KOMMUNE - TEKNISK SJEF	
20 MAR 1992	J.NR.: 738
ARKIV: 860	KOV: SA
SAKSH.: AL	
KASS:	

Det skredutsatte området
bør markeres på kart!
NS

Dykker ref.: Vår ref.: Dato:
SNL/INT/ 5983/92/BFR/ 18.03.1992
004416 727
A-sak:820/92

SKREDFAREVURDERING - FINNSÅSEN - ÅRDALSTANGEN

Viser til tidlegare samtalar, synfaring og til
Dykker brev datert 5.12.1991.

Etter avtale sender vi rapport frå synfaringane i
Årdalstangen 28.11.1991 og 6.3.1992.

Rapporten konkluderer med at områda A og B i
Finnsåsen er ustabile. Ein må rekne med nye utfall
frå områda over tid. Geisdøla-fabrikkområde med
grovknusar og lagerplass for katodekol og nytt
lutlager er vurdert å vera særskild skredutsatt når det
gjeld steinsprang/ steinskred.


På grunn av små marginar i høve til storeura (korte
avstander), vil det i praksis vera vanskeleg å få
til fullgode sikringstiltak på fabrikkområdet.
Avslag frå skredblokker i form av flygestein vil ein
ikkje kunne verne seg mot i det heile tatt.

Fabrikkområdet er lokalisert til det gamle elveløpet
for Geisdøla. Stor flaum i 1950 raserte store deler
av det området mellom storeura og Gjestehuset. Sjølv
om elva no for det meste blir drenert gjennom tunnel
(Owe-fossen), må ein rekne med nye flaumtilhøve.
Etter det som er opplyst er det ikkje gjort noko
form for reguleringar som vil kunne dempe ei
framtidig flaum i Geisdøla.

Av omsyn til faren for steinsprang/steinskred og flaum/flaumskred bør fabrikkområdet ved nedre del av Geisdøla ikkje nyttast til bygningar eller permanente aktivitetar. Jfr. Plan- og bygningslova § 68. Slik bruk av området vil truleg også vera i strid med arbeidsmiljølova.

Gjestehuset ser ut til å vera tilfredsstillande sikra mot steinsprang/steinskred. I tillegg til dobbel betongmur med høgdeskilnad på minimum 4 m, er avtanden relativ stor. Mindre flyggestein kan ein likevel ikkje sjå heilt bort frå. Dersom det er ønskjeleg, kan det settast opp nettinggjerde mellom hekk og støttemur.

Med helsing



Bjørn F. Russenes
fylkesgeolog

Vedlegg: Rapport med kart

Kopi med rapport:
Årdal kommune, teknisk etat, 5875 ÅRDALSTANGEN